

12. desember 2018

## POLYFONs arbeidsgrupper: oppgåver, organisering og arbeidsmåtar

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi har etablert arbeidsgrupper på aktuelle arbeidsfelt, per dags dato  
1) Barn og unges oppvekst, 2) Psykisk helse vaksne, 3) Rus vaksne, og 4) Eldrehelse.

### Oppgåve

Arbeidsgruppene skal:

- delta i POLYFONs (sam)arbeid, med særleg vekt på å få fram *brukarane og tenestene sine perspektiv*

### Organisering

Arbeidsgruppenes aktivitet supplerer POLYFONs brukarpanel, POLYFONs fagråd (Scientific Advisory Committee) og aktuelle fagnettverk. Styringsgruppa for POLYFON definerer klyngas målsetjingar og rammer for arbeidet.

Arbeidsgruppene konstituerer seg sjølve, *i samråd med POLYFONs prosjektleiing*. Gruppene skal:

- konstituere seg årleg, med ein leiar som sørger for struktur og fokus i gruppas arbeid (om ønskjeleg kan gruppa gjenvelje same leiar opp til tre gonger)
- sikre at alle aktuelle klyngedeltakarar er representerte og at det er balanse i representasjon frå kommunane, spesialisthelsetenesta og brukarane
- sikre at to eller fleire representantar har leiarroller i tenestene, slik at det vert samanheng mellom utviklingsprosessar i arbeidsgruppene og i tenestene.

### Arbeidsmåtar

Arbeidsgruppene vert oppmoda om å halde god kontakt med kvarandre og med POLYFONs brukarpanel (brukarrepresentantane i arbeidsgruppene og i brukarpanelet kan – dersom det er praktisk mogeleg – gjerne vere dei same). Gruppene vert også oppmoda om følgje med på kunnskapsutviklinga på sitt område, sjå t.d. dei kunnskapsbeskrivingane som vert lagde ut på GAMUTs nettside: <https://gamut.w.uib.no/kunnskapsbeskrivelser/>

Gruppene skal:

- delta på fellessamlingar for arbeidsgruppene, vanlegvis to gonger i året (inklusivt møtet med fagrådet)
- organisere eigne arbeidsmøte, mellom fellessamlingane og ut i frå behov
- vurdere om og når det til desse arbeidsmøta er ønskjeleg å invitere inn prosjektleiinga og/eller andre personar/instansar som kan delta i gruppas diskusjonar og vurderingar
- utarbeide ein kort, årleg rapport (vanlegvis eit par sider på norsk) innan **15. desember**.

### Nærare informasjon om den årlege rapporten

Årsrapporten skal vere ein statusrapport frå feltet gruppa arbeider med, og ikkje ein rapport over gruppas eige arbeid. Rapporten skal vere disponert etter følgjande overskrifter: «Nasjonale føringer og utviklingstendensar», «Tenesteutvikling», «Forsking», «Utdanning», «Formidling», «Samhandling» (dei fire siste overskriftene viser då til status og utvikling hjå klyngedeltakarane). Rapporten vert sendt til **POLYFONs epostadresse** (sjå botntekst).

For kontinuitetens skull, kan gruppene gjerne utforme rapporten som eit arbeidsdokument dei oppdaterer årleg. Rapporten vert m.a. brukt som grunnlag for POLYFONs årsmeldingar og strategidiskusjonar.

Brynjulf Stige  
prosjektleiar POLYFON